



Frode Langenes

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/8 - 19/35664

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:

03.12.2019

Informasjon vedkomande fakturering av beredskap i samsvar med forlenga vinterdriftsavtale

Etter fleire tilbakemeldingar har me forstått at e-post datert 8. oktober 2019 om utbetaling av beredskap i forlengelse av vinderdriftskontrakt, har blitt tolka ulikt. Lindås kommune ønsker med denne e-posten å prøve oppklare. Den ulike tolkinga har medført at me har fått inn ulike fakturbeløp for oktober.

Ved førespurnad om forlenga vinterkontrakt til 31. oktober og/eller 30. november, vart det henvist til kontrakt gjeldande frå 2015-2019, dvs. beredskapsperioden starta 15. oktober. Kontrakten for 2015-2019 var årskontraktar, gjeldande frå 15. oktober til 15. oktober. Kontrakten du hadde var gyldig fram til 15. oktober 2019 og «Beredskapen» for dei fyrste 14 dagane av oktober er det difor allereie kompensert for i utbetalingane for 2018-2019.

Beredskapen i føre kontrakt var delt opp i 5 rater fordelt på utbetaling desember til april.

I eposten skulle det difor stått: for oktober utbetaling 1/2 månad beredskap, for november 1 månad beredskap. Ein månad er den totale beredskapsprisen frå vintern 2018-19 delt på 6mnd.

Vi ser at formuleringa vår har våre kan ha vore uklare og beklager dette. I handsaming av denne saka er likebehandling er eit svært viktig moment. Me ser det slik at det ikkje vil vere riktig at nokon får utbetalt ein høgare beredskap enn andre ut i frå den enkelte sin beredskapssats.

Til dømes kan vi i tillegg nemne at eige mannskap ikkje har mottatt kompensasjon for beredskap for perioden før 15. oktober. Det same gjeld fleire kontraktørar som godtok forlenga avtale.

Lindås kommune ynskjer at du sender kreditnota på allereie fakturert beløp for oktober og ny faktura på 0,5*beredskapsbeløpet.

Berekning av beredskap forlenga kontrakt:

Total beredskap for 2018-2019 delt på 6	=	Månadsbeløp
Kompensasjon for beredskap 15.-31. oktober 2019	=	Månadsbeløp * 0,5
Kompensasjon for beredskap 15. oktober – 30. november	=	Månadsbeløp * 1,5

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



I kontrakten 2015-2019 var beredskapsbeløpet delt opp i 5 rater med utbetaling desember til april (5mnd). Beredskapsperioden er på 6 mnd.
Månadsbeløpet skulle difor vore årberedskapen for 2018-19 delt på 6, ikkje den rata som vart utbetalt førre sesong som er rekna ut i frå årsberedskap delt på 5.

Eksempel for ein tenkt årsberedskap på kr 120.000,- :

Riktig utrekna månadsbeløp vil vere: $120.000,-/6 = 20.000,-$
I kontrakten 2015-2019 var årsberedskapen fordelt på 5 rater: $120.000,-/5 = 24.000,-$

Kompensasjon for beredskap 15. okt. - 30. nov. ville gitt: $20.000,-*1,5 = 30.000,-$
Slik mange har sendt faktura for 15. okt. - 30. nov. ville det blitt: $20.000,-*2,0 = 40.000,-$
Kompensasjon ut oktober ville blitt: $20.000,-*0,5 = 10.000,-$

Kommunen meiner me kan godta bruk av 5 delingsrata dersom det for perioden med 2 mnd. beredskap vert kompensert for 5 delingsrata ganga med ein faktor på 1,5 og for ut oktober faktor 0,5.

Kompensasjon for beredskap 15. okt. - 30. nov. blir då: $24.000*1,5 = 36.000,-$
Kompensasjon for forlenging til 31. oktober blir då: $24.000*0,5 = 12.000,-$

Då møtes me midt mellom 1,5 og 2 gongar riktig utrekna månadsbeløp.

Vi ynskjer samstundes å gjere merksam på at det kjem eit eige skriv om utbetaling av beredskap etter ny kontrakt.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alf Magne Kvalvaag
Anders Valle
Arne Skår
Bjarte Sande

Mottakrar:

Frode Fanebust

Frode Langenes

Hans Petter Eide

Inge Revheim

Mogen maskin AS

Monter maskin AS

Nortrans veg og anlegg AS

Steinar Stall

Svenn Hauge

Tore Gjerstad

Øyvind Eidsheim